



Team Hardanger

Referat møte i Team Hardanger

Mandag 02.12.2019 kl 10.00-15.00

Stad: Sentralbadet litteraturhus i Odda

Møtte:

Jan Tjosås, Lisbeth Bygstad Celik, Inge Håvard Aarskog, Yamen Bohsas, Thor-Arvid Pedersen, Jostein Eitrheim, Trude Rinaldo

Del 2: Marit Stadheim, Heidi Kvamsdal og Elin Kvale, Jon Larsgard

Forfall:

Andreas Skogseth, Ingrid Prestegard, Vibeke Korsnes, Øyvind Stueland, Amy Henrickson, Kristine Hesthamar.

Agenda:

10.00 - 11.30	Team Hardanger
11.30 - 12.15	Felles Lunsj
12.15 - 15.00	Team Hardanger med reiselivsnæringa i Hardanger

Sakliste

1. Innmelde saker ved møtestart.

Ingen

2. Diskusjon om turisme i Hardanger

TH ønskjer å diskutera korleis vi saman med reiselivet kan samarbeida om å nå måla for kva type turisme vi vil ha i framtida.

Hardangerrådet skal 13. februar 2020 arrangera Hardinginget. Dette er eit årleg ting for formannskapa i alle medlemskommunane.

Vi vil føreslå at tema for Hardinginget 2020 vert:

Korleis betra besøksforvaltninga i Hardanger:

- Besøksforvaltning inn i kommunale planar
- Kommunane og næringsaktørane sine roller i utviklinga av reiselivet
- Kva kan politikarane styra og kva kan dei ikkje styra
- Gjer kompleksiteten oss handlingslamma?
- Det som er godt for lokale innbyggjarar er bra for gjestene
- Fellesgodefinansiering / besøksbidrag / destinasjonsbidrag

Visit Hardangerfjord og Team Hardanger kan ta ansvaret for gjennomføra av dette tinget. Hardingtinget bør starta med eit innleiande føredrag. (forslag: Ståle Brandshaug, Visit Sognefjord)

Besøksforvaltning som regionplan. Kvar kommune må vedta sin eigen plan basert på denne.

- a) Kvifor skal me ha turisme? kva treng me dei for? (mål for turismen)
- b) Kva har me som gjer at turistane vil koma til oss?
- c) Kvar og når vil me ha del? Korleis diskuterar me dette med andre næringar?
- d) Kven vil me invitera heim? Kven vil vi ha som turist? Kven trives vi med?
- e) Korleis får me tak i dei ?

3. Runde rundt bordet. Nytt frå kvar kommune

Eidfjord:

- Diskusjon rundt organisering av det kommunale reiselivsarbeidet

Odda:

- Mange store prosjekt på gang
 - Kollektivterminal
 - Sentrumshotell
 - Biogassprosjekt
 - Industriareal

4. Innmeldte saker

Ingen

Kinsarvik 03.12.19

**Jan Tjosås/s
Leiar**

**Jostein Eitrheim
sekretær**